

BRUKARUTVALET I HELSE MØRE OG ROMSDAL HF

Protokoll nr. 05/14

Møte 06.06.14.

Tilstades: X

Medlemmer:

- X Karsten Aak, leiar
- X Hanne-Lilian Søvik, nestleiar
- X Kåre Steinsvik
- X Hilde Marie Kleiven
- X Ingrid Løset
- X Ann Helene Skare
- X Torbjørn Vorpenes
- X Inger Nossen Sandvik
- X Jakob Strand
- X Randi Myhre

Varamedlemmer:

- Atle Tangen
- Daniel Ask
- Frank Johnny Svendsen
- Kjell Inge Skarbø
- Norunn Heggebakk Steinnes

Administrasjonen:**Andre:**

Klinikk for Rus og avhengigheitsbehandling v/Klinikksjef Ove Lorvik

Sekretariatet:

Helse Møre og Romsdal HF v/konsulent Randi Spjelkavik Ramnefjell

Fråvær:

Møtet i Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF vart halde på Molde sjukehus, Sagbakken – Hus 2 og starta kl. 10.00.

Karsten Aak leia møtet og ønska alle velkomne, og gjekk igjennom sakslista.

Endring i saksliste: Gjennomgang av BU 2014/44, BU 2014/43 før styresakene

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF behandla følgjande saker:

**BU 2014/37 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE
UNDERSKRIFT AV PROTOKOLL NR. 04/14 frå møte 05.05.14.**

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner innkalling og sakliste til møte 06.06.14.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner innkallinga og sakliste til møtet 06.06.14.

Brukarutvalet skreiv under protokoll nr. 04/14 som vart godkjent i møte 05.05.14.

BU 2014/38 ORIENTERINGSSAKER

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek orienteringssakene til etterretning.

- 1) Oppnemning av 2 brukarrepresentantar til Nasjonal helse- og sjukehusplan – Helse og omsorgsdepartements besøk til Helse Møre og Romsdal HF 23.06.14.
- 2) Oppfølging/status på orienteringssak:
 - Serveringstilbod for pasientar og pårørande etter at kjøkken/kiosk/kantine er stengt
- 3) Protokollar frå møte i Regional brukarutval.

Protokoll:

- 1) Hanne-Lilian Søvik stiller på møtet med Helse og omsorgsdepartementet 23.06.14, saman med Karsten Aak
- 2) Saken vil bli orienteringssak på neste møte i Brukarutvalet.
- 3) Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek protokollane frå Regionalt brukartuval til orientering. Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF stillar seg med undring på når det oppnamnemast eit arbeidsutval for eit regionalt brukarutval, at dette utvalet ikkje har representantar frå dei 3 respektive fylka

Vedtak:

- 1) Hanne-Lilian Søvik stiller på møtet med Helse og omsorgsdepartementet 23.06.14, saman med Karsten Aak.
- 2) Saken vil bli orienteringssak på neste møte i Brukarutvalet.
- 3) Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek protokollane frå Regionalt brukartuval til orientering. Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF stillar seg med undring på når det oppnamnemast eit arbeidsutval for eit regionalt brukarutval, at dette utvalet ikkje har representantar frå dei respektive 3 fylka

BU 2014/39 ORIENTERING OM SAKER TIL STYREMØTE 11.06.14.Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek styresakane som blir lagt fram for behandling i styret for Helse Møre og Romsdal HF i møte 11.06.14., til orientering.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF beklagar sterkt at styresak 2014/42 42 – Statusrapportering pr 30.04.2014 – Aktivitet – Økonomi og Kvalitet ikkje er klar og at saksdokument ikkje foreligg til Brukarutvalsmøte. Når Ass. direktør ikkje hadde anledning til å møte, så ble det umulig for Brukarutvalet å realitetsbehandle saka. Brukarutvalet henstiller seg til administrasjonen om at dette ikkje må gjenta seg ved framtidige saker. Brukarutvalet må med bakgrunn i dette gi leiar og nestleiar fullmakt til å sette seg inn i saken når saksdokument foreligg, og saman ivareta brukarane sine interesser i saksbehandlinga på styremøtet 11.06.14.

BU 2014/40 PASIENTSIKKERHEITSARBEIDET I HELSE MØRE OG ROMSDALInnstilling:

Vedlagt følgjer styresak 2014/39 – Pasientsikkerheitsarbeidet i Helse Møre og Romsdal

Styret skal behandle saka i styremøte 11.06.14.

Protokoll:

Saken er utsatt til neste møte då ledelsen i administrasjonen i helseforetaket ikkje kunne møte i brukarutvalsmøte pga gravferd.

Vedtak:

Saken er utsatt til neste møte då ledelsen i administrasjonen i helseforetaket ikkje kunne møte i brukarutvalsmøte pga gravferd.

BU 2014/41 STATUSRAPPORTERING PR 30.04.2014 – AKTIVITET – ØKONOMI OG KVALITET

Innstilling:

Vedlagt følgjer styresak 2014/42 – Statusrapportering pr 30.04.2014 – Aktivitet – Økonomi og Kvalitet

Styret skal behandle saka i styremøtet 11.06.14.

Protokoll:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal viser til vedtak i sak BU 2014/39

Forslag til vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal viser til vedtak i sak BU 2014/39

BU 2014/42 FULLMAKT UTSENDING TIL OFFENTLEG HØYRING – REGIONALE KONSEKVENSGREIING (KU) TEMA OG HØYRINGSOKUMENT IDÉFASE SJUKEHUSET I NORDMØRE OG ROMSDAL (SNR)

Innstilling:

Vedlagt følgjer styresak 2014/43 – Fullmakt til offentleg høyring – regionale konsekvensutgreiing (KU) tema og høyringsdokument idéfase sjukehuset i Nordmøre og Romsdal (SNR).

Styret skal behandle saka i styremøte 11.06.14.

Protokoll:

Saken er utsatt til neste møte då ledelsen i administrasjonen i helseforetaket ikkje møtte pga gravferd.

Vedtak:

Saken er utsatt til neste møte då ledelsen i administrasjonen i helseforetaket ikkje kunne møte i Brukarutvalsmøte pga gravferd.

BU 2014/43 LANGTIDSPLAN/LANGTIDSBUDSJETT (LTP/LTB) HELSE MØRE OG ROMSDAL 2015-2020

Innstilling:

Vedlagt følger styresak 2014/41 – Langtidsplan/langtidsbudsjett (LTP/LTB) Helse Møre og Romsdal 2015-2020

Styret skal behandle saka i styremøte 11.06.14.

Protokoll:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF ser med bekymring på:

- at det i økonomiplan ikkje er tatt hensyn til ambulansetenesta si implimentering.
- at det ikkje er økonomiske rammer eller midlar for fornying av MTU (Medisinsk teknisk utstyr).
- innsparinger i forhold til livsviktig kreft og biologisk medisin/preparat

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF ser med bekymring på:

- at det i økonomiplan ikkje er tatt hensyn til ambulansetenesta si implimentering.
- at det ikkje er økonomiske rammer eller midlar for fornying av MTU (Medisinsk teknisk utstyr).
- innsparinger i forhold til livsviktig kreft og biologisk medisin/preparat

BU 2014/44 KLINIKK FOR RUS- OG AVHENGIGHEITSBEHANDLING, SAMHANDLING MED KOMMUNER OG BRUKARAR

Innstilling:

Klinikksjef Ove Lorvik gjekk igjennom ein presentasjon som omhandla samhandling med kommunar og brukararar i Helse Møre og Romsdal.

Presentasjon er sendt ut til Brukarutvalet.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek saka til orientering

Brukarutvalet ynskjer å besøke Klinikk for rus- og avhengigheitsbehandling etter sommaren.

BU 2014/45 EVENTUELT

- Karsten Aak og Hanne-Lilian Søvik stiller til styremøtet 11.06.14.
- Honorar/reiseregning inndekning for hjemmekontor og papir er kr 500,-
- Brukarutvalet ynskjer oversikt over tilbakemelding om status på brukarråd/-gruppe i klinikkane og ber om administrasjon om å informere om dette i neste brukarutvalsmøte
- Brukarutvalet ber administrasjonen om forslag til endring av møtedatoer for siste halvår til møtet i september

BU 2014/46 GODKJENNING AV PROTOKOLL NR. 05/14 FRÅ MØTE 06.06.14.Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 05/14 frå møte 06.06.14.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 05/14 frå møte 06.06.14.

Møtet slutt kl. 14:06

Ingrid Løset

Hilde Marie Kleiven

Kåre Steinsvik

Hanne-Lilian Søvik

Jakob Strand

Ann Helen Skare

Karsten Aak

Torbjørn Vorpenes

Inger Nossen Sandvik

